

# Den kulturelle skolesekken i Hordaland

PLAN FOR SKULEÅRET

2011 - 2012



HORDALAND  
FYLKESKOMMUNE

## Plan for DKS skoleåret 2011/2012

(frist for innlevering 1. april 2011)

Den kulturelle skolesekken i  fylke

|                     |   |
|---------------------|---|
| <b>Institusjon:</b> | <b>Hordaland fylkeskommune</b>  |
| besøksadresse:      | Agnes Mowinckels gate 5   |
| postadresse:        | Postboks 7900, 5020 Bergen  |
| telefon:            | 55 23 99 76/71  |
| faks:               | 55 23 99 69   |
| e-postadresse:      | dks@post.hfk.no   |
| url:                | <a href="http://www.dks-hordaland.no/">http://www.dks-hordaland.no/</a> |

### Kontaktperson

|         |                                |
|---------|--------------------------------|
| navn    | Charlotte Espeland             |
| telefon | 55 23 99 76                    |
| e-post  | charlotte.espeland@post.hfk.no |

### Mål, strategier og satsingsområder

Hva er målene for arbeidet med Den kulturelle skolesekken i fylket?

Basismodellen for Den kulturelle skolesekken (DKS) i Hordaland vart utvikla skuleåret 2004/2005.

Med utgangspunkt i departementale føringsdokument er det vedtatt overordna mål for DKS i Hordaland. Ein skil mellom hovudmål og organisatoriske mål og strategiar. Desse vart etablerte i tett samarbeid med kommunane som skuleeigarar, Utdanningsavdelinga v/Fylkesmannen i Hordaland og NOKU.

#### *Hovudmål:*

- å medverke til at elevar i skulen får eit profesjonelt kunst- og kulturtilbod;
- å leggje til rette for at elevar i skulen skal få tilgang til, gjere seg kjende med og få eit positivt forhold til kunst- og kulturuttrykk av alle slag;
- å medverke til å utvikle ei heilskapleg innlemming av kunstnarlege og kulturelle uttrykk i realiseringa av skulen sine læringsmål;
- å gje born oppleving av kunst og styrke deira eiga skaparevne;
- å styrkje born si evne til å stille spørsmål, og stimulere til undring og kritisk vurdering.

#### *Organisatoriske mål og strategiar:*

- DKS skal realiserast i kryssingspunktet mellom kultur- og skulesektor på alle nivå.
- DKS inneber partnarsskap, aktiv medverking og utforming på alle nivå av realiseringa.
- DKS skal vere tufta på demokratiske prinsipp.
- DKS skal vere lokalt forankra, i eit dynamisk samspel med kommunane som skuleeigar og skulane.
- DKStilboda skal kunne genererast og implementerast gjennom eit aktivt samspel mellom kunst- og kulturaktørar lokalt, regionalt og (inter)nasjonalt.
- DKS skal vere ein av bidragsytarane i skapinga av eit dynamisk samfunns- og kulturliv og gje kunstnarar og kulturarbeidarar høve til utvikling.
- DKS skal medverke til å skape grobotn for samfunnsmessig, kulturelt og kunstnarisk mangfald og vere delaktig i å skape utvida horisontar for elevane.

Hvilke særlige utfordringer/satsingsområder skal det arbeides med?

Hordaland fylkeskommune (HFK) vil markere 10-års jubileet for DKS med ein konferanse for skular og kommunar i fylket - gode erfaringar, eventuelle endringar.

I samarbeid med Fylkesmannen i Hordaland og Høgskulen i Bergen vil vi skipe til konferanse om kunst- og kulturfaga sin plass i oppvekst og utdanning.

Skal det settes i gang tiltak i fylket som skal framheve og sikre kulturelt mangfold i Den kulturelle skolesekken? Hvis ja, utdyp: ja  nei

DKS i Hordaland har som ei generell målsetting å medverke til å auke elevane sin kunnskap om og respekt for mellom anna kulturelt mangfald.

Skal det settes i gang tiltak i fylket som sikrer tilgjengelighet for elever med spesielle behov? Hvis ja, utdyp: ja  nei

Produksjonar som vert sendt på turné i skulane gjennom DKS i Hordaland, er tilrettelagt for alle elevar.

### **Innhold/omfang**

Hvordan har man tenkt å arbeide med kvalitetssikring og utvikling av det kunstneriske/kulturfaglige innhold i fylkets DKS? Kort beskrivelse:

HFK samarbeider mellom anna med nasjonale aktørar og det regionale nettverket av kunst- og kulturinstitusjonar om DKS; Vestnorsk filmsenter og Norsk Forfattersentrum Vestlandet.

Kultur- og idrettsavdelinga i HFK er ei mangfaldig avdeling med fagleg tyngd på fleire felt som har ein plass i DKS. Dette mangfaldet vert nytta i val og vurdering av søknadar/ innspel til DKS. Mellom anna medverkar fagseksjonane/ -kontora; Skulekonsertane medverkar i vurdering av musikk, Fylkesbiblioteket i vurdering av litteratur, Seksjon for kulturminnevern og museum i vurdering av kulturarv. Parallelt med dette er samarbeid med nasjonale og regionale institusjonar og aktørar/ utøvarar om fagleg kvalitetssikring.

Vil alle grunnskoleelever i fylket motta DKS-tiltak (utenom Rikskonsertene) fra fylket? ja  nei

Nesten alle elevane i grunnskulen vil få tilbod frå DKS i HFK.

HFK prioriterer å ha nokre meir omfattande prosjekt enn at alle elevane skal vera garantert tilbod. Alle elevane får totalt sett profesjonell kunst- og kultur i sin skulekvardag gjennom lokale skulesekkar, Riks- og Skulekonsertane og DKS i fylkeskommunen.

Vil alle elever i videregående opplæring i fylket motta DKS-tiltak? ja  nei

Hvis nei, hvor mange elever i videregående opplæring vil motta DKS-tiltak?

Dei vidaregåande skulane i Hordaland vil i mai/juni få brev om produksjonar i DKS for komande skuleår. På bakgrunn av tilbakemeldingar frå skulane vert turnéane lagt. Tal på skular og elevar er derfor ikkje klart på noverande tidspunkt.

Skuleåret 2010/2011 fekk alle dei 46 vidaregåande skulane i Hordaland tilbod om å ta imot kunst- og kulturproduksjonar gjennom DKS. 34 av skulane melde si interesse, og fekk anten besøk på skulen eller sjå ei framsyning på kulturhus eller liknande i kommunen.

## Budsjett

### a) Inntekter

|  |   |
|--|---|
| Spillemidler                                       | 10 155 157 *<br>(gr.sk) +<br>2 900 000 *<br>(vgs) |
| Egne midler/egeninnsats                            | 2 710 000**                                       |
| Refusjoner fra Rikskonsertene/Norsk scenekunstbruk | 237 684***  |
| Egenandeler – kommunene                            | 296 075****                                       |
| Renteinntekter                                     | 260 530****                                       |
| Annet  |   |
| <b>Sum</b>   | <b>16 559 446</b>                                 |

### b) Utgifter

|  |                   |
|--|-------------------|
| Formidling, innholdsutvikling, produksjon (grunnskoler)            | 3 867 103*        |
| Formidling, innholdsutvikling, produksjon (videregående opplæring) | 2 900 000*        |
| Overføringer til kommunene   | 7 082 343*****    |
| Nettverk/kompetanseheving - kulturtorg                             |                   |
| Nettverk/kompetanseheving - annet                                  | 100 000           |
| Administrasjon – lønnskostnader                                    | 2 030 000*****    |
| Administrasjon – annet   | 580 000           |
| Annet  |                   |
| <b>Sum</b>   | <b>16 559 446</b> |

### Kommentarer til budsjettet:

Skulekonsertane/Rikskonsertane er ikkje inkludert i tala.  
I tillegg kjem eventuelle midlar som vert overført frå skuleåret 2010/2011.  
\* Spelemidlane er basert på tal frå skuleåret 2010/2011.  
\*\* Driftsbudsjett for 2011  
\*\*\* Refusjon frå NSKB er summen som er refundert våren 2011, for framsyningar i 2010.  
\*\*\*\* Eigendelar frå kommunane og renteinntekter er stipulert til same sum som kalenderåret 2010.  
\*\*\*\*\* Tal er basert på same tildeling som førre skuleår. Bergen kommune får sin del av midlane direkte, kr 4 043 670. Kvar av dei 5 regionane får kr 50 000 til interkommunale satsingar.  
\*\*\*\*\* Inkludert alle sosiale utgifter og midlar til å leiga inn ekstra konsulentar.  
Budsjettet i 2011.

## **Organisering og samarbeid**

Gi en kort beskrivelse av organisasjonsstruktur og styringslinjer for DKS på regionalt nivå?

DKS i Hordaland er forankra i Kultur- og idrettsavdelinga i HFK, og organisert med eit styre og eit råd. Fylkeskultursjefen er fagleg ansvarleg. Styret har det overordna ansvaret, og delegerer ansvar i eit utval av saker til DKS i fylkeskommunen og til rådet.

I styret sit utdanningsdirektøren v/ Fylkesmannen i Hordaland og fylkeskultursjefen.

Rådet er ei ressurs- og referansegruppe for styret og DKS i HFK. I rådet sit 5 valde regionsrepresentantar m/vara, 1 representant frå Bergen kommune (observatør), 1 representant frå Utdanningsavdelinga v/Fylkesmannen m/vara, 1 representant frå NOKU m/vara, 1 representant frå Kultur- og idrettsavdelinga i HFK m/vara, 1 politisk representant frå Kultur- og ressursutvalet i HFK (observatør) m/vara. Leiar for DKS i Hordaland er leiar for rådet. Hausten 2010 vart rådet utvida med representant frå Norsk kulturskoleråd Hordaland.

I HFK er det i tillegg til leiar for DKS i Hordaland 3 tilsette i 100 % stilling til å ta hand om DKS i grunnskulen og vidaregåande opplæring. Ein av desse har eit særskild ansvar for gjennomføring av DKS i vidaregåande.

I samband med gjennomføring av DKS i vidaregåande opplæring har Kultur- og idrettsavdelinga eit godt og viktig samarbeid med Opplæringsavdelinga i HFK.

Gi en kort beskrivelse av DKS-samarbeidet mellom fylkeskommunen og kommunene:

HFK har eit årleg fellesmøte med DKS-kontaktane i kommunane. Kommunane i kvar region har tilsvarande møte med jamne mellomrom. I nokre høve deltek HFK på desse møta og på dei ein skilde kommunane sine møter. Representantar frå kvar region sit i rådet for DKS i Hordaland.

HFK spelar ei vesentleg rolle som regional utviklar av DKS, sørvisinstans og samordnar av DKS- verksemda totalt i fylket.

Gi en kort beskrivelse av samarbeidet mellom DKS i fylket og regionale/lokale kunst- og kulturinstitusjoner:

HFK har i fleire år hatt eit godt og velfungerande samarbeid med kunst- og kulturinstitusjonar i fylket om DKS. Samarbeidet omfattar både innkjøp av ferdige produksjonar og utvikling av nye. Institusjonane har og vore samarbeidspartar i samband med kurs for lærarar og kunstnarar. Det gode samarbeidet vert vidareført og vidareutvikla.

I tillegg til samarbeidet HFK har med kunst- og kulturinstitusjonar i fylket, samarbeidar kommunane med lokale institusjonar i sitt arbeid med DKS.

## **Kompetanseutvikling**

Gi en kort beskrivelse av eventuelle planlagte kompetansetiltak for lærer/utdanningssektoren i regi av fylkeskommunen eller med fylkeskommunen som samarbeidspartner:

HFK har i flere år gitt lærarane i grunnskulen tilbod om kompetansehevande kurs. Etter at vidaregåande opplæring kom inn i DKS har der vore størst fokus på kompetanseheving for lærarar på desse skulane. Kursa er i all hovudsak knytt til produksjonane.

Ein vil gå i nærare dialog med universitetet i Bergen og høgskulane i fylket om kompetanseheving for utdanningssektoren.

Kompetansehevande kurs for lærarar vil bli planlagt i høve til konkrete produksjonar.

Gi en kort beskrivelse av eventuelle planlagte kompetansetiltak for kunst- og kultursektoren i regi av fylkeskommunen eller med fylkeskommunen som samarbeidspartner:

HFK har tidlegare arrangert Visuelt Kunstseminar for kunstnarar i fylket. Kurset vert ikkje vidareført skuleåret 2011/ 2012.

Ein vil ta nye initiativ på dette området, og kontakte ulike miljø.



**HORDALAND  
FYLKESKOMMUNE**

Kultur- og idrettsavdelinga  
Agnes Mowinckels gt 5  
Postboks 7900  
N-5020 BERGEN

Telefon: 55 23 90 00  
[www.hordaland.no](http://www.hordaland.no)